



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3150 - 14/7617

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2014

Gbnr180/1 Leivestad Løyve til deling.

Saksutgreiing:

Eigedom: gnr.180 bnr.1 Leivestad
Adresse for eiged.: Vassbygdvegen 771, 5912 Seim
Type tiltak: Søknad om deling av grunneigedom
Heimelshavar: Oddvar Magne Hopsdal
Søker: Oddvar Mangne Hopsdal

Saka gjeld:

Søker eig landbrukseigedommen 180/1. Denne eigedommen har to bustadhus, eit nytt og eit gammalt. Det vert no søkt om løyve til å dele frå det gamle bustadhuset med om lag 3,5da tomt rundt. Føremålet er å kunne ruste opp huset utan å måtte sette landbrukseigedommen i pant for eit eventuelt lån. Det er førebels søker som skal eige det frådelte bustadhuset.

Planstatus/dispensasjonar:

Gjeldande plan på staden er LNF med hovudvekt på landbruk oL16. I dette området er det såleis helst aktivitet knytt til landbruk som er tillate. Det er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, og søknaden må handsamast i høve jordlova §12.



Nabovarsling:

Naboane har fått varsel, og det er ikkje komme merknad.

Tilkomst:

Den nye parsellen får tilkomst frå nord via eksisterande veg som går i grensa mellom arealet som vert søkt frådelt og fulldyrka areal, deretter vert vegen liggande på eventuelt eigen grunn etter frådelling. Det er søkt om utvida bruk av avkøyring til FV 390 Vassbygdvegen. Slikt løyve er gjeve av Statens vegvesen i løyve datert 24.02.2014.

Vassforsyning og avløp:

Det er alt i dag vatten og avløp til det eksisterande huset på staden. Det vert såleis ikkje endringar i desse tilhøva.

Uttale frå overordna mynde:

Det er naudsynt å sende saka til overordna mynde for å høyre deira syn i saka.

Vurdering i høve jordlova §12:Om gnr.180 bnr.1:

Eigedommen har eit samla slåtteland på 69,8da, innmarksbeite er 33,1da og samla jordbruksareal etter dett er 102,9da. Det er 534,4da god skog og totalt areal er 660.5da.

Bygningsmassen er i god stand med driftsbygning til storfe og nytt bustadhus, nytt reiskapshus.

For nokre år sidan vart eigaren skada i ei ulukke i skogen. Etter det har drifta vorte trappa ned, og det er i dag naboar som haustar areala på eigedommen, medan det ikkje er dyr i fjøset.

Eigedommen har større potensial og er stor nok til å gje grunnlag for driftsomfang som kan gje tilskot til levemåten for ein familie.

Parsellen ein vil dele frå er det gamle bustadhuset på eigedommen med ein litt stor tomt rundt.

Grunnen til at tomta vert så stor er buset sin plassering og kvaliteten på arealet som eventuelt vert liggande att mellom ein mindre tomt og grense mot nabo.

Det er overflatedyrk jord og innmarksbeite som eventuelt vert delt frå, 2,2da innmarksbeite og 1,3da overflatedyrka jord.

Det går ein eldre veg fram til huset frå nord. Etter deling vil vegen for ein stor del gå over eigande grunn, men dei siste 30-40 meter vil vegen gå i grense mellom frådelt areal og fulldyrka areal som vil høyre til bruket. Det er eit spørsmål om denne delen av vegen skal høyre til hovudbruket eller til den frådelte eigedommen. Det er tilkomst til fulldyrka areal sjølv om vegen vert liggande på frådelt grunn. Alternativt kan det tinglysast ein vegrett for bruket på denne vegen eller for den frådelte tomta.

Jordlova §12:

«Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departement. Skal dyrka eller dyrkbar jord takast i bruk til anna føremål enn jordbruksproduksjon, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9. Ved avgjerd om samtykke til deling, skal det leggest vekt på om deling fører til tenleg og variert bruksstruktur i landbruket, om deling tek omsyn til arealressursane, om deling fører til driftsmessig god løysing, og om deling kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Samtykke til deling kan givast dersom deling vil take i vare busetjing, sjølv om det ikkje ligg til rette for deling etter dei momenta som er ført opp ovanfor.»

Arealet som er søkt delt frå er 2,2da innmarksbeite og 1,3da overflatedyrka jord.

Det er difor naudsynt å vurdere søknaden i høve til §9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering finn at jordbruksinteressene bør vike. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar i høve pbl, drifts- og miljømessige ulemper for landbruket, kulturlandskapet og samfunnsgagnet omdisponering vil gi.

Det gjeld å ta i bruk jordbruksareal til tomt for eit frådelt bustadhus. Areal vil ikkje lenger nyttast av ein landbrukseigedom, men vil truleg heller ikkje verte bygget ned med det same.

Areal høyrer til ein landbrukseigedom med etter tilhøva på staden relativt rikeleg innmarksareal. Areal er marginale. Overflatedyrka areal er brattlendt. Innmarksbeitet ligg skilt frå resten av beitearealet og er såleis ikkje like lett å nytte.

Godkjend plan på staden er LNF føremål, areala som eventuelt vert delt frå er deil av eit samanhengande og fint kulturlandskap, men det er ikkje snakk om nybygg på staden. Areal skal vere hage til eit hus som alt eksisterer. Det vert såleis ikkje endringar i kulturlandskapet av tiltaket.

Lindås kommune vurderer at sjølv om det gjeld deling av 3,5da jordbruksareal, er dette arealet marginalt både for eigedommen, for landbruket i kommunen og sett i nasjonal samheng. Det vert gjeve løyve til omdisponering til anna føremål enn landbruk.

Deling slik det er søkt om endrar ikkje bruksstrukturen på staden. Omsynet til arealressursane er vurdert ovanfor, og sjølv om det vert delt frå noko jordbruksareal, kan ein ikkje sjå at det vil redusere jordressursane på staden nemnande. Driftsmessig vil delinga ikkje endre på tilhøva. Huset står alt på staden i dag, og jorda som ligg rundt husa er marginal og ikkje i bruk i dag. Deling slik det er søkt om fører ikkje til driftsmessige ulemper.

I området der eigedommen ligg er det ikkje sett av område for bustadbygging. Leivestad er ei grend der det vil vere fint om nye folk busett seg, eller unge folk kjem heim for å overtake bruka. Ved deling slik det er søkt om aukar høvet for unge folk til å busetje seg i bygda.

Det vert rådd til å gje løyve til deling slik det er søkt om.

Vurdering av dispensasjon, plan og bygningslova §19-2:

Kommunen kan gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert sett vesentleg til side. Fordelane med å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggjast særleg vekt på verknadar for helse, miljø, tilgjenge og tryggleik. Dersom overordna mynde har uttalt seg negativt om sak, bør kommunen ikkje dispensere.

Omsynet i gjeldande plan på staden er særleg landbruket. Spørsmålet om tilhøva for landbruket er grundig drøfta i punktet over, og sluttvurderinga er at tiltaket ikkje vil vere til ulempe for landbruket.

Det gjeld frådeling av areal med påståande eldre bustadhus. Det er den gamle tunstaden som vert søkt delt frå. Grunngeving i søknaden er at søker har redusert helse, drifta på bruket er redusert og ønsket om å sette det gamle huset i stand er vanskeleg å realisere ved å take opp lån med pant i sjølvne bruket.

Tilgjenge vert ikkje endra ved tiltaket. Veg til det frådelte huset vil ikkje gå gjennom tunet. Ein gamal veg skal rustast opp. Det er gjeve løyve til utkøyring.

Tryggleig vert ikkje endra, helse vert kanskje betra då noverande eigar kan overdrage bruket til neste generasjon når han sjølv kan busetje seg i det restaurerte bustadhuset på frådelt tomt. Miljø vert ikkje endra. Kulturlandskapet vert ikkje endra, då det ikkje skal byggast nytt hus.

Kommunen sin samla vurdering er at tiltaket ikkje fører til at gjeldande plan vert sett vesentleg til side. Omsyna til tryggleik, tilgjenge, miljø vert ikkje endra, medan omsynet til helse kan verte betra. Samla sett vert det såleis overvekt av fordelar ved å gje dispensasjon slik det er søkt om.

Deling pbl.§20-1 og §26-1:

Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delas slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel skikka til bygging på grunn av storleik eller form.

Det ligg til rette for å gje dispensasjon frå forbodet mot deling i LNF området. Tomta er stor nok og har høveleg form. Det er veg fram. Det bør vurderast i samband med oppmålingsforretninga om delar av vegen – dei siste 30-40 meter av vegen mot nord – skal høyre til bruket eller den frådelte tomta.

Saka vert sendt på høyring til overordna mynde.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Postboks 7310
Postboks 7900

5020
5020

BERGEN
BERGEN